



Arkivnr: 2017/3552-3

Saksbehandlar: Ole Hallvard Harlem Dyrbekk

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		
Fylkestinget		06.03.2018

### Plassering av bomstasjonar i Bergen sentrum

#### Samandrag

Fylkesrådmannen la fram bompengesøknad for ny bypakke i Bergen for perioden 2018 til 2037 for Fylkestinget 13.06.2017. I bomsøknaden blei det lagt opp til at konkret forslag til plassering av bomstasjon i Bergen sentrum som fangar opp trafikken over Torget skulle bli lagt fram for bystyre og fylkesting på eit seinare tidspunkt. Det er utgangspunktet for denne saka.

Fagetaten i Bergen kommune har i sin vurdering rådd til ei plassering på Torget då det gjer innkrevjing med berre ein bomstasjon mogleg, det ikkje kan føre til uønskt overføring av trafikk i sentrum og det vil vere minst teknisk krevjande. Byrådet har på sin side ikkje ønskt ei plassering på Torget og viser samstundes til at timesregelen gjer at omfanget av omkøyning truleg blir lite, at bomstasjonen truleg er midlertidig og at konflikten med leidningsnettet til trolleybussen er handterbar.

I vurderinga til Fylkesrådmannen blir det peikt på at den viktigaste funksjonen til bomstasjonane er å sikre inntening til bypakka. Det er ikkje venta at det vil vere noko vesentleg skilnad på innteninga mellom dei to alternative plasseringane. Vidare er ei plassering i Småstrandagaten og Strandkaien vedtatt i Bergen bystyre og lagt til grunn i den vedtekte stortingsproposisjonen. Fylkesrådmannen meiner ein bør leggje vesentleg vekt på dei lokale vedtak i ei sak som denne. Fylkesrådmannen rår difor til at det blir etablert bomstasjonar i Småstrandgaten og på Strandkaien for å fange opp trafikken over Torget.

**Økonomi:** Bomstasjonane skal, i tillegg til statlege tilskot, vere med på å skaffe inntekter til ny bypakke i Bergen, som er ei vidareføring av Bergensprogrammet.

**Klima:** Byvekstavtalen har som mål å sikre at veksten i persontrafikken skal bli tatt med kollektivtransport, sykling og gåing.

**Folkehelse:** Bomstasjonane skal vere med på å finansiere tiltak for gange og sykkel.

**Regional planstrategi:** Byvekstavtalen er eit viktig tiltak i oppfølginga av regionale planar og bidrag til å nå regionale mål om redusert transport og reduserte utslepp av klimagassar.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget ber om at det blir etablert bomstasjonar i Småstrandgaten og på Strandkaien for å fange opp trafikken over Torget.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 26.02.2018

### 1 Bakgrunn

#### 1.1 Tidlegare vedtak

Fylkesrådmannen la fram bompengesøknad for ny bypakke i Bergen for perioden 2018 til 2037 for Fylkestinget 13.06.2017. Søknaden var utarbeida av Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Søknaden blei vedtatt av Bergen bystyre 31.05.2017 og fylkestinget 13.06.2017. Stortingsproposisjonen *Finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland*, Prop. 11 S (2017 – 2018), blei vedtatt i Stortinget 20.12.2017.

#### 1.2 Om plassering av bomstasjonane i Bergen sentrum

I bomsøknaden blei det lagt opp til at konkret forslag til plassering av bomstasjon som fangar opp trafikken over Torget skulle bli lagt fram for bystyre og fylkesting på eit seinare tidspunkt. Det er utgangspunktet for denne saka.

Samferdselsdepartementet la til grunn ei plassering på fv 585 i Småstrandgaten og fv 555 ved Strandkaaien i Prop. 11 S (2017 – 2018), men peikte på at plassering av bomstasjonar kan endrast på eit seinare tidspunkt, under føresetnad av at det er lokal semje om dette og endringane ikkje svekkjer økonomien i bypakka.

Bergen bystyre handsama sak om plassering av bomstasjonane i sentrum 22.02.2018. Byrådsavdelinga og fagetaten hadde lagt to alternativ til grunn for sine vurderingar:

- Ein bomstasjon på Torget med tovegs innkrevjing, eller
- To bomstasjoner, plassert i Småstrandgaten for trafikk retning nord, og ved Strandkaaien for trafikk retning sør/vest

Fagetaten (plan- og bygningsetaten) i Bergen kommune rådde til ei plassering på Torget då dette gjer innkrevjing mogleg med berre ein bomstasjon og at den ikkje kan føre til uønskt overføring av trafikk til andre sentrumsgatar. Det blir også peikt på mogleg konflikt med leidningsnettet til trolleybussen i forbindelse med vedlikehald av bomstasjonane i Småstrandgaten og på Strandkaaien. Det vil også vere minst teknisk krevjande å sette opp mastar på Torget.

For byrådet i Bergen er det svært krevjande å gå inn for ei løysing som krev areal til bomstasjon på Torget. Byrådet peiker på at omfanget av omfordeling av trafikk til vegar utan bompengar truleg er lite grunna timesregelen. Bystyret vedtok Byrådet si innstilling. Det inneber at trafikken som allereie har passert eit bomsnitt ikkje vil bli belasta på nytt i sentrum. Byrådet peiker også på at bomstasjonen i sentrum truleg blir midlertidig. Når Bybanen blir etablert gjennom sentrum, vil «trafikkplan sentrum» bli implementert. Denne inneber at det berre vil køyre kollektivtransport i Småstrandgaten, og bomstasjonen må uansett bli flytta.

### 2 Fylkesrådmannen sin vurdering

Fylkesrådmannen meiner den viktigaste funksjonen til bomstasjonen i Bergen sentrum er at den skal sikre finansieringa i bypakka. Sjølv om fylkesrådmannen følgjer argumentasjonen til fagetaten i Bergen kommune, blir det ikkje vurdert til å få vesentlege konsekvensar for inntektene i bomsystemet om ein vel alternativet med plassering i Småstrandgaten og Strandkaaien. Fylkesrådmannen vil også peike på at konflikten med leidningsnettet til trolleybussen ved vedlikehald av bomstasjonane er handterbar, slik byrådet i Bergen har lagt til grunn i sitt framlegg i saka.

Ei plassering i Småstrandgaten og Strandkaaien er vedtatt i Bergen bystyre og lagt til grunn i den vedtekne stortingsproposisjonen. Sjølv om fylkesrådmannen meiner vurderinga til fagetaten i Bergen kommune er god, bør ein på same tid teke omsyn til lokale vedtak i ein sak som denne. Det er ikkje venta at dette vil ha vesentleg effekt på innteninga i bomstasjonen, og er difor ikkje i konflikt med den primære funksjonen til bomstasjonen.

Fylkesrådmannen rår difor til at det blir etablert bomstasjonar i Småstrandgaten og på Strandkaaien for å fange opp trafikken over Torget.